

Marianne Sandahl Bjørøy  
Vestrepollsvegen 161  
5177 BJØRØYHAMN

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/6675-2Dato:  
21.04.2020

## Vedrørende bekymringsmelding i samband med politisk møteverksemd

Det vert vist til bekymringsmelding frå opposisjonen i samband med den politiske møteverksemda i desse dagar.

Vi har forståing for at dei demokratiske prosessane vert krevjande når det vert endringar på tidspunkt for møter og at sakspira kjem seint.

Koronasituasjonen har gitt oss mange utfordringar som vi har prøvd å løyse etter beste evne etter kvart. Enkelte saker som til dømes «Tiltakspakke i samband med koronaviruset for lokalt næringsliv» gjer det umuleg å halda frist for innkalling når det har vore formannskap kvar veke.

Det har vore eit klart ønskje og mål å oppretthalde mest muleg av den politiske aktiviteten. For å få dette til har vi vore nøydte til å flytte på møta både i forhold til dag og tidspunkt. Vi beklagar viss dette har blitt utfordrande for nokon.

Årsaka til at vi har måtte spreie møta utover denne veka er at vi reint teknisk har ønska å gjennomføre berre eit møte pr dag. I tillegg ønska vi ikkje å belaste datalinjene på dagtid og møta vart difor lagt til kveldstid. Vi informerte på eit tidleg tidspunkt om dette og det kom ingen tilbakemelding på at vi ikkje kunne gjennomføre møta i samsvar med denne planen.

Dei tilsette i kommunen vert ivaretekne, men det er sjølvstakt meir krevjande når vi har liten tid på oss til å førebu saker og innkalling. Overtida er innafor lovar og reglar.

Møta denne veka må gå som planlagt. Vi tek innspela med oss i planlegginga av framtidige møter og vil i samband med Formannskapet førstkommande torsdag presentere ei skisse til korleis vi tenkjer å gjennomføre møta i mai.

Med helsing

Tom Georg Indrevik

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

**Vedlegg**

Bekymringsmelding i samband med politisk møteverksemd